



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 23.01.2018

**Sak nr.:** 17/7599-28

**Internt l.nr.** 3673/18

**Sak:** 6/18

**Tittel:** **Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter – møte mellom styret og stiftarane**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet peikar ut følgjande til å representere fylkeskommunen på møtet mellom stiftarane og styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter 25. januar 2018: .....
2. Fylkesutvalet stiller seg positivt til at styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet understrekar at det er viktig for fylkeskommunen at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - arbeider i samsvar med Sjøfuglsenteret sitt føremål, og ber ovannemnde representant formidle dette i møtet.

**Framlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til representant i punkt 1: Fylkesordføraren

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet og tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkesutvalet peikar ut følgjande til å representere fylkeskommunen på møtet mellom stiftarane og styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter 25. januar 2018: Fylkesordføraren.
2. Fylkesutvalet stiller seg positivt til at styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet understrekar at det er viktig for fylkeskommunen at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - arbeider i samsvar med Sjøfuglsenteret sitt føremål, og ber ovannemnde representant formidle dette i møtet.